

UTTALE OM HØYRINGSUTKAST TIL OVERORDNA DEL AV LÆREPLAN

Nedanfor finn ein samla uttale frå Høgskulen i Volda vedrørende høyringsutkast til overordna del av komande læreplan.

“Dramaturgien” i teksten i den overordna delen av læreplanen er å forklare nærare utvalde delar av opplæringslova. Det er etter vår vurdering ein god strategi, som vil vere med på å bringe dei juridiske perspektiva på opplæringa i skulen nærare dei som har ansvaret for den. Skulen er i tillegg fundert på eit pedagogisk fundament, med perspektiv på undervisning, arbeidsformer, innhald osv. Det er vår oppfatning at slike område også har fått ein relativt brei plass i planen.

Den overordna delen skal saman med opplæringslova gje forståing for kva mandat, funksjon og rolle skulen skal ha. Eit sentralt element her vil vere i kva grad skulen også er opplevd som meningsfull og gjev utbyte også til dei elevane som utfordrar skulens evne til å gje eit godt tilbod til alle.

Inkludering

Vi saknar omtale særleg på eitt område. Det gjeld inkluderingsomgrepet.

Integrering (1975), seinare erstatta av omgrepet inkludering (i 1996) synleggjer sentrale aspekt ved det verdimeessige fundamentet i skulen. Omsyna til likestilling, likeverd og sosial rettferd ligg i botnen på inkluderingsomgrepet: Likestilling, at alle har den same retten til opplæring og utdanning, likeverd, at ein skal unngå ekskludering og stigmatisering, sosial rettferd, at alle skal få vilkår til utvikling og læring i samsvar med egne føresetnader.

Noreg har skrive under på Salamanca - deklarasjonen frå 1994 om inkluderande opplæring. Det tyder at nasjonen har akseptert å arbeide for ein inkluderande skule. Denne forpliktinga bør verte langt tydelegare i den generelle delen av den nye læreplanen.

Inkludering blir ofte assosiert berre til spesialundervisning, av forstålege grunnar. Det var innanfor spesialundervisninga at omgrepet først kom i bruk allereie på 1970-talet. Salamanca-erklæringa gir omgrepet eit langt vidare nedslagsfelt ved å bruke omgrepet “special needs education” om opplæringa til alle elevar som har særlege behov. Det omfattar dei som opplæringa og undervisninga må ta særlege omsyn til. Desse utfordringane kan skuldast fysiske, intellektuelle, sosiale, emosjonelle eller språklege høve. (UNESCO, 1994).

Omgrepet “inkluderande” vert brukt nokre gonger i høyringsutkastet, men omgrepet vert ikkje gjeve eit innhald. Når skulen skal vere forplikta på ein inkluderande praksis er dette problematisk. Når ein går gjennom litteraturen om korleis omgrepet inkludering er nytta i utdanningspolitiske tekstar er det mest slåande inntrykket den store variasjonen i bruken av dette prinsippet i opplæringa. Forskinga tyder på at slik er situasjonen også i Noreg. For å fremje ei mest mogleg felles forståing av kva som ligg i omgrepet inkludering, vil vi tilrå at omgrepet blir gitt den overordna rolla det er meint å ha ut frå Salamanca-deklarasjonen. Det må då bli nærare forklart og presisert i den overordna delen av læreplanen. Omgrepet har i Noreg utvikla seg til å bli forstått som det å syte for mest og best mogleg fellesskap mellom elevane i

skulen og samtidig forvente maksimalt fagleg og sosialt utbytte av opplæringa . Ei slik forståing bør presenterast og presiserast i overordna del.

Mangfald

Vedrørande punkt 1.2.:

Vi vil også peike på at mangfalds - og identitetsforståinga slik den kjem fram i punkt 1.2 - “Kultur, identitet og mangfold” i høyringutkastet etter vår meining er svært smal, då den er knytt bortimot utelukkande til kulturelle, språklege og livssynsmessige forhold. Eit mangfaldig samfunn vil også innebere eit mangfald av enkeltindivid på tvers av kultur, livssyn og språk. Skulen skal gje alle elevar like moglegheiter til å lære og utvikle seg fagleg og sosialt uavhengig av for eksempel sosial bakgrunn, læreføresetnader, funksjonsnivå, interesser, kjønnsidentitet eller seksuell orientering. Eit slikt mangfaldsperspektiv kjem i liten grad fram, noko som må rettast opp.

Kompetanseomgrepet

Vedrørande punkt 2.2 og 2.3.:

Vi vil også gje uttrykk for eit ønske om at skildringa av kompetanseomgrepet vert utvida. Høyringsutkastet har eit sterkt fokus på djupnelæring for å utvikle kompetanse knytt til det faglege og kognitive. Vi meiner at djupnelæring her må konkretiserast meir. Det bør kome tydelegare fram at også sosial, emosjonell og praktisk kompetanse er ein del av eit samla, heilskapleg kompetanseomgrep.

Teksten i delkapitlet 2.2. som omhandlar “Sosial læring” har ei vekting på kompetanse og ferdigheiter innanfor kommunikasjon. Eit spørsmål er om ikkje kompetanseområdet “Personlig og sosialt ansvar – etisk og emosjonell bevissthet” (NOU 2014:7) også bør framhevast her. Ludvigsen-utvalget (NOU, 2014:7) forklarar samarbeidslæring som ein del av ein sosial og emosjonell kompetanse. Det omfattar til dømes elevar si sjølvoppfatning, motivasjon, samarbeidskompetanse og evne til å håndtere eigne kjensler.

I pkt 2.3 “Kompetanse i fagene” er kompetanseomgrepet som skal brukast inn mot kompetansemåla i fag definert. Her ønsker vi ei lita justering i siste del av definisjonen - for å framheve verdien med anvending i kompetanseomgrepet (det å skulle anvende det ein har kunnskap og forståing om - og ikkje berre ei vekting på det kognitive og meta-kognitive). Vi foreslår således en slik definisjon: Kompetanse er å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner. Kompetanse innebærer således forståelse og evne til refleksjon, kritisk tenkning og anvendelse av kunnskap og ferdigheter.

Det opplevande mennesket

Viktige dimensjonar som kreativitet, leik og utforsking er med i høyringsutkastet. Samtidig er desse først og fremst framheva som viktige som eit middel for å oppnå eit mål, gjerne formulert som ein type læringsubytte. Vi saknar at t.d. leik, nysgjerrigheit, engasjement, utfolding og estetiske opplevingar skal ha ein eigenverdi også i skulen. Erfaringar innanfor desse dimensjonane ved det å vere menneske bidreg til livskvalitet. Livskvalitet i barndom og ungdom har ein verdi i seg sjølv, samtidig som det også kan bidra til livskvalitet i eit lengre perspektiv.

Respekt for naturen og miljøbevissthet

Vedrørende punkt 1.4 : Til dette punktet saknar vi omgrepet «friluftsliv» som ein del av vår norske naturarv, eit omgrep som omhandlar danning (Faarlund, 2015), men som også inneheld ei kulturell særreiga livsform eller oppleving (Gelter, 2000). I et langsiktig utdanningsperspektiv er det viktig at dette blir godt ivareteken i skulen. Vi tilrår at det vert skrive inn eit tillegg (med utheva skrift):

“De skal få rike muligheter til å se naturen som en kilde til nytte, opplevelse og glede, god helse og læring.” *Elevene skal gjennom egne erfaringer oppleve gleden og forstå betydningen av nordisk friluftsliv som en kultur for å være tilstede i naturen og velge tur etter evne. Gjennom friluftsliv lærer elever å leve et rikt liv med enkle middel, som igjen kan stimulere til økt miljøbevissthet ved forståelse av sporløs ferdsel.*

Grunnleggande ferdigheiter

Vedrørende punkt 2.4:

Her er oppfatningane ved avdelinga noko delte - sjå innspel nedanfor:

Uttale frå Seksjon for idrett og friluftsliv

Grunnleggande ferdigheiter

I planen står definert fem grunnleggande ferdigheiter: lesing, skriving, regning, muntlige ferdigheter og digitale ferdigheter. Ei sjette ferdighet også må inkluderas: Motorikk. Motorikk er eit svært viktig bidrag til elevane si læring og danning på overordna nivå (Ommundsen, 2013). Tydinga av motorikk som ei grunnleggande ferdigheit kan forankrast i pedagogikken, psykologien, så vel som i fysiologien. Leik og sansemotorikk står sentralt. Det er i åra før puberteten at den enkelte dannar det motoriske grunnlaget for ein livslang fysisk aktiv livsstil (Helsedirektoratet, 2008). Her må skulen ta eit ansvar. Det er breid oppslutning om dette punktet gjennom våre faglege nasjonale nettverk og frå frivillige organisasjonar som har uttalt seg, m.a.. DNT.

Uttale frå Institutt for pedagogikk

Grunnleggande ferdigheiter

I planen står definert dei fem grunnleggande ferdigheitene som vi kjenner frå LK06. Desse ferdigheitene er i noverande læreplan knytt opp mot alle fag, og er definerte som grunnleggande for å kunne oppnå kompetansemåla i faga. Fleire ferdigheiter vil nok kunne oppfattast som grunnleggande i den forstand at dei vil vere ein viktig føresetnad for å oppnå ei sunn og heilskapleg utvikling for eleven. Samtidig vil det å utvide “grunnleggande ferdigheiter” til også å omfatte t.d. sosiale, kroppslege eller estetiske ferdigheiter vere ei betydeleg omdefinering av det som no ligg i omgrepet “grunnleggande ferdigheiter” Det er ein overordna debatt som må takast for seg. Vi oppfattar det uansett som lite hensiktsmessig å eventuelt definere inn berre ei ny slik “grunnleggande ferdigheit” i tillegg til dei vi har no.

Fysisk og psykisk helse

Vedrørende punkt 2.6.1

Når det gjeld framlegget om å innføre tre nye tverrfaglege tema, vil vi særskilt peike på utfordringa med å konkretisere innhaldet i desse. Særleg gjeld dette temaet “Folkehelse og livsmeistring”. Vi har difor lagt inn forslag til presisering i punkt 2.6.1 (forslag til endringar i kursiv).

“2.6.1 Folkehelse og livsmestring

(..) Temaet folkehelse og livsmestring skal bidra til at elevene utvikler kompetanse som fremmer elevenes fysiske og psykiske helse og gjør dem i stand til å håndtere ulike utfordringer i livet. Elevene skal lære å mestre hverdagen og få støtte til å oppleve livet som meningsfylt. (...)

Elevene skal få opplæring i hvordan de kan ivareta egen fysisk og psykisk helse og få kunnskap om hvilke faktorer som bidrar til positiv helse og forebygging av sykdom. Elevene skal øve på å sette ord på og håndtere sine egne følelser, relasjoner og handlingsmønstre. Det er også viktig at barn og unge tidlig i livet stimuleres til variert fysisk aktivitet og til en sunn livsstil. Skolen har en særstilling for å fremme sunne helsevaner, da dette er den eneste arenaen vi møter alle barn og unge.“

Tilstanden i det norske samfunn når det gjelder barns fysisk aktivitetsnivå er urovekkende. Fysisk aktivitet har effektar på barn på ei rekkje område (Helsedirektoratet, 2008). Tilrådingar om minst ein time fysisk aktivitet kvar dag må trekkast opp på eit overordna nivå (utanom kroppsøvingfaget). At dette er viktig blir framheva mellom anna i ei doktorgrad om fysisk aktivitet som intervensjon i skulen (Resaland, 2010).

Språkføringa i høyringsutkastet

Vi finn at høyringsutkastet manglar mange av dei språklege kvalitetane som vi kjenner frå generell del i den noverande læreplanen. Overordna del bør vere eit sentralt nasjonalt dokument som formidlar visjonar og som skal inspirere og berøre. Det meir byråkratiske språket som pregar dette høyringsutkastet greier etter vår meining i liten grad å gjere det.

Referansar :

Faarlund, N. (2015). *Friluftsliv*. Oslo: Ljå forlag.

Gelter, H. (2000). *Friluftsliv: The Scandinavian philosophy of outdoor life*. *Canadian Journal of Environmental Education*, 5(1), 77-92.

Helsedirektoratet. (2008). *Aktivitetshåndboken*.

Ommundsen, Y. (2013). Fysisk-motorisk ferdighet gjennom kroppsøving – et viktig bidrag til elevenes allmenndanning og læring i skolen. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 97, 155-166.

Resaland, G. K. (2010). (Ph.D.), Norwegian school of Sport Sciences, Oslo.

UNESCO (1994). *The Salamanca Statement and Framework for Action on Special Needs Education*. Lokalisert på http://www.unesco.org/education/pdf/SALAMA_E.PDF